



## Møteinnkalling

### FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

---

<b>Utval:</b>	Fellesnemnd Ullensvang kommune
<b>Møtestad:</b>	Odda
<b>Dato:</b>	03.05.2019
<b>Tidspunkt:</b>	09:00

---

Forfall skal meldast til Jondal kommune sitt sentralbord tlf.nr. 53 66 95 00 eller til Ragnvald Joakimsen på tlf.nr. 45 47 41 81.

Er nokon ugilde i ei sak, må det meldast frå om dette.  
Varamedlemmer møter berre ved mottak av eigen innkalling.

<b>Sak nr:</b>	<b>Sakstittel:</b>
007/19	Godkjenning av protokoll
008/19	Meldingar
009/19	Vedtekter for barnehagane i Ullensvang kommune
010/19	Ullensvang kulturskule fremmar forslag om ny, felles formålsparagraf og vedtekter, samt felles retningslinjer for undervisningstid, inntak og betaling.
011/19	Interkommunale selskap, eigarskap og samarbeid
012/19	Økonomireglement for Ullensvang kommune



Arkiv: K1 - 033  
Arkivsak ID: 19/317 - 1  
Journalpost ID: 19/3746  
Saksh.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 07.03.2019

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	03.05.2019	007/19

## Godkjenning av protokoll

Dokumentnr	Tittel
379722	Protokoll - Fellesnemnd Ullensvang kommune - 08.02.2019

### Prosjektleder sitt forslag til

#### **vedtak:**

Fellesnemnda godkjenner vedlagt protokoll frå førre møte.

Ole-Jørgen Jondahl, prosjektleder



Arkiv: K1 - 033  
Arkivsak ID: 19/317 - 2  
Journalpost ID: 19/6437  
Saksh.: Ragnvald Joakimsen  
Dato: 26.04.2019

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	03.05.2019	008/19

## Meldinger

### Dokument til orientering

Journalpostid.	Tittel
19/3983	Høring - Endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting
19/3952	Tilsegn om tilskot til organisering av næringsarbeid i Ullensvang kommune

### Prosjektleder sitt forslag til

#### vedtak:

Fellesnemnda tar meldingane til etterretning.

Ole-Jørgen Jondahl, prosjektleder



Arkiv: K1 - 036K3 - &23  
Arkivsak ID: 17/1001 - 76  
Journalpost ID: 19/2689  
Saksh.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 19.02.2019

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	23.04.2019	006/19
Fellesnemnd Ullensvang kommune	03.05.2019	009/19

## Vedtekter for barnehagane i Ullensvang kommune

Dokumentnr	Tittel
380454	Framlegg til vedtekter for barnehagane i Ullensvang kommune

### Prosjektleder sitt forslag til

#### innstilling:

1. Fellesnemnda legg forslag til vedtekter for barnehagane i Ullensvang kommune ut på 4 vekers offentleg høyring. Høyringsfrist 14.juni 2019.
2. Prosjektleder legg fram sak for Fellesnemnda for endeleg vedtak i september.

Prosjektleder Ole-Jørgen Jondahl, 06.03.2019

### 23.04.2019 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

#### Behandling:

#### Røysting:

Prosjektleder sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### PSU-006/19 Vedtak:

##### Tilråding:

1. Fellesnemnda legg forslag til vedtekter for barnehagane i Ullensvang kommune ut på 4 vekers offentleg høyring. Høyringsfrist 14.juni 2019.
2. Prosjektleder legg fram sak for Fellesnemnda for endeleg vedtak i september.

#### Saka gjeld:

**Vedtekter for barnehagane i Ullensvang kommune.**

Vurdering:

Barnehagetilbod er ein viktig del av tenestetilbodet i kommunen. Rammer for korleis opptak og drifta skal vera er naudsynt for foreldre/føresette og for administrasjonen.

Høyringa skal vera ei moglegheit for Samarbeidsutvala og dei tilsette sine fagforeiningar å gi uttale til vedtektene.

Barnehageeigar pliktar etter lova å fastsetja vedtekter som skal innehalda:

- a) ***eigartilhøve,***
- b) ***føremål, jf. §§ 1 og 1a***
- c) ***opptakskriterie,***
- d) ***tal medlemmer i samarbeidsutvalet***
- e) ***barnehagen sine åpningstider***

**Økonomiske konsekvensar:**

- a. Driftskonsekvensar  
Ingen
- b. Investeringskostnader  
Ingen
- c. Finansiering  
Driftsbudsjett

**Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:**

Lov om barnehagar (barnehagelova) § 7. Barnehageeigaren sitt ansvar.

**Samandrag/ konklusjon:**

Vedtektene vert sendt på høyring til Samarbeidsutvala i barnehagane og aktuelle fagforeiningar.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Samarbeidsutvala i barnehagane  
Utdanningsforbundet  
Fagforbundet  
Delta  
Arkiv



Arkiv: K2 - A30  
Arkivsak ID: 19/190 - 1  
Journalpost ID: 19/3502  
Saksh.: Sandal, Else Marie  
Dato: 04.03.2019

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	23.04.2019	007/19
Fellesnemnd Ullensvang kommune	03.05.2019	010/19

**Ullensvang kulturskule fremmar forslag om ny, felles formålsparagraf og vedtekter, samt felles retningslinjer for undervisningstid, inntak og betaling.**

Dokumentnr	Tittel
381411	Brukarbetaling 2
381185	kulturskule, elevopptak
381184	kulturskule, vedtekter
384033	ULLENSVANG KULTURSKULE - SAMARBEIDSAVTALE OM SALG AV INSTRUKSJON
384034	kulturskule, formål (L)(1005614)

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

1. Fellesnemnda for Ullensvang kommune vedtek forslag til endring i undervisningstid og brukarbetaling for Ullensvang kulturskule, som vedlagt i saka.
2. Fellesnemnda vedtek også ny felles formålsparagraf for Ullensvang kulturskule, og vedtekter og kriterier for inntak av elevar, i tråd med saksframstillinga.

Prosjektleiar Ole-Jørgen Jondahl, 05.03.19

## **23.04.2019 Partssamansett utval - Ullensvang kommune**

### **Behandling:**

#### **Røysting:**

Prosjektleiari sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 11 røyster. 4 røysta mot.

#### **Protokollmerknad:**

I etterkant av møtet har alle dei 6 tillitsvalde medlemene bedt om at følgjande merknad kjem inn i protokollen:

Saka inklusiv aktuelle vedlegg har ikkje vore drøfta med tillitsvalgte, eller vore på høyring. Dette meiner vi skulle vore gjort før saka vert avgjort, for å kunne vite om ulike konsekvensar for tilsette og brukarar ved skisserte løysingar.

Vi ber derfor fellesnemnda om å legge til eit punkt i saka, om at det blir tatt ein ny grundig runde med evaluering frå kulturskulen sine tilsette og brei høyring vedr. dei ulike vedlegga før opptak våren 2020.

- Alle dei aktuelle vedlegga skal evaluerast ilag med tillitsvalgte og sendast på høyring til aktuelle organisasjonar. Saka skal opp til politisk handsaming, etter at innspel er innkomne, for vedtak.

### **PSU-007/19 Vedtak:**

#### **Tilråding:**

1. Fellesnemnda for Ullensvang kommune vedtek forslag til endring i undervisningstid og brukarbetaling for Ullensvang kulturskule, som vedlagt i saka.
2. Fellesnemnda vedtek også ny felles formålsparagraf for Ullensvang kulturskule, og vedtekter og kriterier for inntak av elevar, i tråd med saksframstillinga.

#### **Saka gjeld:**

Kulturskulane i Odda, Jondal og Ullensvang har kome langt i sin samanslåingsprosess, og ønskjer å starta opp som ein kulturskule frå skuleåret 2019/2020. Det betyr at spørsmålet om undervisningstid og brukarbetaling må avgjerast alt no i vår fordi ein må kunne førespeila søkjarane kva rammar ein kan tilby, og kva som er kostnaden for tilbodet. Pr. i dag har dei ulike kulturskulane ulike rammer for betaling og undervisningstid.

Kulturskulane har også oppretta forslag til felles formålsparagraf, vedtekter for kulturskulen og felles kriterier for opptak av elevar.

#### **Vurdering /drøfting:**

#### **Undervisningstid:**

Vurderinga knytt til ramma for undervisningstid er gjort på grunnlag av erfaring frå dei ulike kommunane, der ein t.d. har opplevd ein reduksjon i individuell undervisningstid i Odda. Denne reduksjonen frå 30 min til 20 min individuell undervisning skulle vera ei prøveordning fram til sommaren 2019, og evaluerast deretter. Erfaringa er at 20 min individuell undervisningstid er for lite til at ein får kvalitet og kontinuitet i undervisninga. Derfor foreslår alle noverande kulturskulerektorane individuell undervisningstid på 30 min

No er det likevel slik at lenger undervisningstid kan bety færre elevar pr. lærarstilling. Derfor må ein kompensera auka individuell tid med også auka bruk av gruppeundervisning, både for å

unngå lange ventelister, og å fremma fellesskap og samspel.

### **Prisfastsetjing:**

Grunntanken er at ein ønskjer å heva brukarbetalinga for elevar i kulturskolen til Odda sine satsar pr. 01.01.2019. Unntaket er sal av tenestar til organisasjonar. Der foreslår ein å harmonisera prisane på eit middelnivå i forhold til dagens satsar. For Odda betyr det at det vert billigare å kjøpa tenestar, og for Jondal og Ullensvang vert det dyrare, sjå vedlegg om prisar.

### **Felles vedtekter for kulturskulane, kriterier for inntak og felles formålsparagraf:**

Ettersom ein skal stå fram som ein organisasjon frå skuleåret 2019/2020, er det naudsynt med felles formålsparagraf og felles vedtekter og kriterier for inntak. I arbeidet med desse, er det lagt vekt på felles forståing av samfunnsoppdraget, samtidig som dei er enkle og informative.

### **Økonomiske konsekvensar:**

1. Driftskonsekvensar: Driftsutgiftene for kulturskulane blir uendra, men ettersom auka individuell undervisningstid kan bety færre elvar pr. lærar, kan dette isolert sett føra til lågare inntekter. Men dette må sjåast i samheng med forslaget om auka brukarbetaling, og også auka bruk av gruppeundervisning.
2. Investeringskostnader: Nei
3. Finansiering: Ordinært driftsbudsjett og auka brukarbetaling

### **Risikovurdering / konsekvensar:**

Auka undervisningstid vil gje:

- Auka kvalitet og kontinuitet i kulturskulen si verksemd.
- Auka måloppnåing jfr. rammeplan for Kulturskolen.
- Større grad av individuell tilpassing.

Dersom ein ikkje går for auka tidsrammer, er sjansen mindre for at brukarane får eit godt tilbod, og sjansen større for at fleire felle frå, ikkje minst i ein kommune som vår, med store geografiske avstandar og reisetid for mange.

### **Saka sitt forhold til overordna planar og lovverk:**

- Kommuneplan – samfunnsdel (Odda kommune): Styrka kulturtilbodet i planperioden der barn og unge er ei sentral målgruppe. Utvikla tilbod innan dans og teater.
- Rammeplan for kulturskolen: Mangfald og fordjuping.

Punkt 1.4:

### **Kulturskolen skal:**

- Gi alle elevar moglegheit til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter i kunstfag.



- Gi alle elevar mogelegheit til å finne og formidle egne kunst- og kulturuttrykk.
- Sstyrke elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse.
- Styrke elevane si evne til kritisk refleksjon og til å gjere sjølvstendige val.
- Gi mogelegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i kunst- og kulturfag.
- I samarbeid med skuleverket bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod til alle barn og unge.
- Som lokalt ressurscenter medverke til å styrke kulturell kompetanse og utfolding.
- I samarbeid med kulturlivet tilby kunst- og kulturfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet.

### **Folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø:**

Punkt 1.3.:

Kulturskolen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskolen er ein sentral del av den samanhengande utdanningslina som kan kvalifisere elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal medverke til danning av barn og unge, fremme respekt for den kulturen andre menneske tilhøyrer, styrke medvit om eigen identitet, styrke evna til kritisk refleksjon og bidra til å utvikle eigen livskompetanse.

Kulturskolen skal også vere eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i den enkelte kommunen. Regionalt kan interkommunale samarbeidsmodellar sikre auka mangfald og høg kvalitet i tilboda. Nasjonalt er kulturskolen ein del av ein landsomfattande kulturell infrastruktur som bidrar til å løfte fram kunst og kultur som berande element i samfunnsutviklinga.

### **Samandrag/ konklusjon:**

Fellesnemda for Ullensvang kommune vedtek forslag til endring i undervisningstid og brukarbetaling for Ullensvang kulturskule, som vedlagt i saka. Fellesnemda vedtek også ny felles formålsparagraf for Ullensvang kulturskule, vedtekter og kriterier for inntak av elevar.

Dette også vedlagt i saka.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrief skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv



Arkiv: K1 - 036K3 - &23  
Arkivsak ID: 17/1001 - 74  
Journalpost ID: 19/1420  
Saksh.: Ole-Jørgen Jondahl  
Dato: 29.01.2019

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	23.04.2019	008/19
Fellesnemnd Ullensvang kommune	03.05.2019	011/19

## Interkommunale selskap, eigarskap og samarbeid

Dokumentnr	Tittel
384386	Oversyn interkommunale samarbeid og avtalar UK

### Prosjektleiar sitt forslag til

#### vedtak:

1. Fellesnemnda ber administrasjonen leggja fram egne saker knytt til dei ulike selskapa/samarbeida slik det kjem fram i Tabell 1 Oversikt selskap og samarbeid.
2. Fellesnemnda vil vidareføre Jondal, Odda og Ullensvang sine selskap/og styrerepresentasjonar inn i Ullensvang kommune slik dei kjem fram i Tabell 1.
3. Fellesnemnda vil vidareføra, og avslutta, interkommunale samarbeid i tråd med prosjektleiar si tilråding i vedlegg i saka: «Oversikt interkommunale samarbeid og avtalar Ullensvang kommune».
4. Fellesnemnda vil overføre aksjane i aksjeselskapa og lutane i andre selskap slik det kjem fram i Tabell 2 og 3.
5. Fellesnemnda overfører fond og legat til Ullensvang kommune jf. Tabell 4.
6. Fellesnemnda ber arbeidsgruppa for politisk hovudstruktur og politisk reglement å vurdere vidareføring av dei politiske interessesamarbeida slik dei kjem fram i Tabell 5.
7. Fellesnemnda ber rådmann i Ullensvang kommune leggja fram sak om eigarskapspolitikk etter 2020.

8. Ullensvang kommune skal ha pensjonsordning i KLP.

Prosjektleder Ole-Jørgen Jondahl, 15.03.2019

## **23.04.2019 Partssamansett utval - Ullensvang kommune**

### **Behandling:**

### **Røysting:**

Prosjektleder sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **PSU-008/19 Vedtak:**

#### **Tilråding:**

1. Fellesnemnda ber administrasjonen leggja fram eigne saker knytt til dei ulike selskapa/samarbeida slik det kjem fram i Tabell 1 Oversikt selskap og samarbeid.
2. Fellesnemnda vil vidareføre Jondal, Odda og Ullensvang sine selskap/og styrerepresentasjonar inn i Ullensvang kommune slik dei kjem fram i Tabell 1.
3. Fellesnemnda vil vidareføre, og avslutta, interkommunale samarbeid i tråd med prosjektleder si tilråding i vedlegg i saka: «Oversikt interkommunale samarbeid og avtalar Ullensvang kommune».
4. Fellesnemnda vil overføre aksjane i aksjeselskapa og lutane i andre selskap slik det kjem fram i Tabell 2 og 3.
5. Fellesnemnda overfører fond og legat til Ullensvang kommune jf. Tabell 4.
6. Fellesnemnda ber arbeidsgruppa for politisk hovudstruktur og politisk reglement å vurdere vidareføring av dei politiske interessesamarbeida slik dei kjem fram i Tabell 5.
7. Fellesnemnda ber rådmann i Ullensvang kommune leggja fram sak om eigarskapspolitikk etter 2020.
8. Ullensvang kommune skal ha pensjonsordning i KLP.

### **Saka gjeld:**

#### **Interkommunale selskap, eigarskap og samarbeid i Ullensvang kommune frå 2020.**

I denne saka legg administrasjonen fram ei prioritering av selskap og samarbeid der ein bør ha ein konkret politisk vurdering av vidareføring av samarbeidet. Det blir lagt opp til at ein handsamar desse som einskilde saker. Det er til saman 30 samarbeid av ulikt omfang som treng nærare sakshandsaming.

Det er også lagt fram ein del samarbeid som administrasjonen tilrår at ein vidarefører direkte inn i ny kommune.

### **Bakgrunn**

Sidan sist kommunereform på 1960-talet er kommunane sine oppgåver og ansvar auka monaleg innanfor alle fire rollar kommunane har; som tenesteytar, myndigheitsutøvar, samfunnsutviklar og demokratisk arena. Forventningane til kommunane har auka i takt med oppgåveportefylja, men kommunestrukturen er ikkje endra i takt med dei samfunnsmessige endringane. For mange kommunar har difor interkommunale samarbeid vore naudsynt for å kunne yta lovpålagde og forventa tenester til innbyggjarane.

Eit av måla med kommunereforma har vore å sette kommunane i stand til å yte kommunale

tenester innanfor eigen organisasjon. Slik kan ein sjå tenesteproduksjonen i heilskap og underlegge den politisk styring og kontroll.

Ekspertutvalet skriv i rapporten Kriterier for god kommunestruktur:

Interkommunalt samarbeid er ikke et fullgodt alternativ til større og mer robuste kommuner. Det fører til en mer kompleks forvaltning, og svekker demokrati, transparens og kontroll ettersom viktige beslutninger flyttes fra folkevalgte organer til interkommunale samarbeid (s.7)

Kommunesamanslåinga mellom Jondal, Odda og Ullensvang er eit godt høve til å ta ein gjennomgang av kommunane sine interkommunale selskap, samarbeid og andre forpliktingar. I denne saka gjer me ei samla vurdering og peiker på kva selskap og samarbeid administrasjonen meiner ein bør vidareføre direkte inn i ny kommune, og kva for selskap og samarbeid ein bør utgreia nærmare. Det at me foreslår å vidareføre ein del samarbeid betyr ikkje at me meiner dei ikkje bør underleggjast ein kritisk vurdering, men me tenker at nokre avklaringar hastar meir enn andre.

Dei område ein meiner bør utgreiast vidare vil bli lagt fram for politikarane som eigne saker etter kvart som dei er ferdig utgreidd og i tide før eventuelle utmeldings eller avviklingsfristar går ut.

## **Eigarskapspolitikk**

Jondal, Odda og Ullensvang har organisert sine tenester er hovudsakleg innanfor ordinær kommunal verksemd. Det er få oppgåver som er lagt til selskap utanfor eigen organisasjon. Derimot har ein eit utstrekt interkommunalt samarbeid på samfunnspolitiske område. Oppstillinga av desse samarbeida vil bli presentert utan administrativ tilråding.

Jondal har ein del fellesløysingar saman med Kvam. Dette er av meir administrativ art og vil ikkje inngå i saka. Døme på dette er IKT-drift.

Det skal utarbeidast eigarskapspolitikk for Ullensvang kommune.

## **Rettslege refleksjonar**

I ei kommunesamanslåing blir to eller fleire kommunar lagt ned og ei ny blir etablert. Dette reiser fleire rettslege spørsmål knytt til rettar og pliktar i høve overføring av eigarskap, kontraktar og avtalar frå gamal til ny kommune.

Obligasjonsretten omhandlar overføring av rettar og pliktar i fylgje avtalar og kontraktar. Desse vil og på et generelt grunnlag gjelde for kommunar. Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) gjorde ei presisering i Inndelingslova i 2016 (§ 16 b) og la til grunn at ein kommunesamanslåing er ein selskapsrettsleg fusjon og at det ulovfesta kontinuitetsprinsippet gjeld. Med dette meiner dei at forpliktingane til gamal kommune vidareførast i ny, og at det ikkje oppstår eit identitetsskifte overfor 3. part. I høve overføring av aksjar frå gamal til ny kommune vil det difor ikkje bli utløyste forkjøpsrett hjå dei andre eigarane eller krav om samtykke frå selskapet.

KMD har i ein tolkingsuttale frå 28.2.18 på eit generelt grunnlag lagt dette kontinuitetsprinsippet

til grunn for avtale- og kontraktmessige vurderingar ved overføring frå gamal til ny kommune. Dette betyr at me i dei fleste tilfelle kan overføre eigarskap, aksjar og andre forpliktingar direkte frå gamal til ny kommune.

Denne vurderinga seier ikkje meir enn at ein kan gjere denne overføringa. Det vil vere eit politisk spørsmål om ein ynskjer å gjere overføringane. Det må gjerast konkrete vurderingar om ein ynskjer å utvikle eller avvike selskap og samarbeid.

Inndelingslova § 16 definerer omdanning av selskap i samband med kommunesamanslåing. Her står det.

Kommunar og fylkeskommunar som er med i interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27, lov om interkommunale selskap eller kommunal særlovgiving, kan innan eitt år frå iverksetjing av ei grenseendring seie opp deltakarforholdet sitt med ein frist på seks månader. Innan den same fristen kan også kvar av partane krevje at vedtektene for samarbeidet eller selskapsavtalen blir vurderte på nytt. Reglane i kommunelova § 27 om å gå ut av interkommunalt samarbeid og reglane i lov om interkommunale selskap § 30 om å gå ut av interkommunale selskap, gjeld elles tilsvarande i slike tilfelle.

Lova opnar altså for ein forkorta utmeldingsfrist i samband med kommunesamanslåing (og deling), men den gjeld berre selskapsformer som er presisert i lovteksten. Det vil sei at aksjeselskap, samvirke og stiftingar fell utanfor. Dette betyr at ein må forhalde seg til ordinær selskapslovgiving, selskapsavtaler og vedtekter når det gjeld utmelding eller endringar.

## **Prosess og framdrift**

Sjølv om det er eit mål for kommunereforma å gjere kommunane i stand til å yta kommunale tenester sjølv og avgrensa bruk av interkommunale selskap, er det framleis en del tenester der det er nyttig å samarbeida på tvers av kommunegrensene fordi tenesteområdet:

- Er spesialisert og eigenproduksjonen vil bli for sårbar og med låg kvalitet.
- Vil profitere økonomisk på eit større samarbeid.

Desse omsyna må vegast opp mot behovet

- For nærleik til brukarane.
- For demokratisk styring og kontroll.

Administrasjonen har gjennomgått heile portefylja av selskap og samarbeid. Oversikta skal vere uttømmande, men ein må ta høgde for at det finnes «sovande» samarbeidsavtalar som i gjennomgangen ikkje har kome på bordet.

Opplistinga under er systematisert med utgangspunkt i kriteria over, og ein har vurdert kva for samarbeid me meiner ein bør gjera ei politisk vurdering av vidareføring/omdanning, og kva for samarbeid me meiner bør vidareførast direkte inn i den nye kommunen.

## Selskap og samarbeid som treng ny vurdering

Når ein skal vurdere vidareføring, avvikling eller omdanning av interkommunale selskap og samarbeid vil det vere fleire problemfelt og tilhøve som må analyserast. Det vil gjelde mellom anna:

- Avtalane sine innretningar i høve ivaretaking av Ullensvang kommune sine interesser og eigarposisjon i selskapa/samarbeida.
- Rettar og plikter for dei tilsette og dei tilsette sine organisasjonar i verksemdene og berørte verksemdar.
- Formalitetar rundt reforhandling.
- Økonomiske forpliktingar ved uttreden.
- Juridiske forhold.
- Tilhøve til 3. part og nabokommunar.

I lista under er det gjort greie for 29 samarbeidsområde me meiner treng ny vurdering og som det vil bli laga eigne politiske saker på som skal handsamast av fellesnemnda. Nokre av sakene vil omhandla fleire samarbeid. Lista er også ei blanding av enkle og meir omfattande samarbeid.

Tabell 1

Sak nr.	Selskap/samarbeid som må vurderast	Selskapsform
1	Hardangerrådet	IKS
2	Vest brann- og redningsregion	Samarbeid
3	IUA (Interkommunalt utval for akutt forureining)	Vertkommune § 27.
4	110 sentralen	Samarbeid
5	Krisesenter Vest	Vertkommune
6	Syns- og audiopedagogisk teneste med Bergen kommune	Samarbeid
7	Hardanger barnevern	Vertskommune
8	Indre Hordaland revisjonsdistrikt	Samarbeid § 27
9	Indre Hordaland miljøverk	IKS
10	NAV	Partnarskap
11	Ungt Entreprenørskap	Samarbeid
12	Innkjøp	Samarbeid § 28-1
13	Skatt	Samarbeid § 28-1
14	Arbeidsgjevarkontroll	Samarbeid § 28-1
15	Innfordring	Tenestekjøp/eigen regi
16	Kart og oppmåling	Samarbeid § 28-1
17	Landbruk	Samarbeid § 28-1
18	Geolog	Samarbeid § 28-1
19	Skjenkekontroll	Samarbeid § 28-1
20	Interkommunalt arkiv Hordaland	IKS
21	Legevaktsjef Hardanger og Voss legevaktdistrikt	Samarbeid § 28-1
22	Feietenester	Tenestekjøp, eigen regi.
23	Veterinærvaktordning	Avtale
24	KS	Medlemsorganisasjon
25	Høgskolestiftelsen i Hardanger (Høgskole i	Stifting

26	Hardanger) Opplæringskontoret i Hardanger	Medlemsbedrift
27	Kjøp av tenester frå Helse Fonna	
28	Kjøp av jordmortjenester frå Helse Fonna	
29	KLP	Medlem

Vurdering av desse, og tilråding finn ein i vedlegget i saka.

## Aksjeselskap

Under er ein oversikt over selskap Jondal, Odda og Ullensvang har aksjar i. I siste del av oversikten er det gjort greie for eigardelar i andre selskap.

Der selskapet ikkje blir vurdert i høve vidare eigarskap jf. drøftinga over, blir aksjane overført til ny kommune.

**Tabell 2**

Selskaper	Jondal	Odda	Ullensvang
KLP egenkapitalinnskudd	X	X	X
Odda Energi AS		X	
A/L Naustbygg		X	
A/L Naustbygg (Havnekasse)		X	
Odda Boligbyggelag		X	
Oddaprodukt A/S		X	
P/L Røldal Grendahus		X	
Biblioteksentralen	X	X	X
E134 Haukelivegen AS	X	X	X
Boktrykk-norsk Skjemaforlag		X	
Studentersamfunnets Hus		X	
Tide ASA		X	
Visit Hardangerfjord AS	X	X	X
Filmparken AS		X	
Hardangervegen A/S		X	
Norsk Bane AS	X	X	X
Jondalstunnelen AS	X	X	
Seljestad og Røldal Løypeselskap AS		X	
Næringshagen i Odda AS		X	
Odda Coating Technology AS		X	
Hordalandsdiagonalen AS		X	
Wellguard AS		X	
Odda NæringsPark AS		X	

Dag og Tid AS			X
Hurdalsenteret for blinde og svaksynte			X
Indre Hordaland Miljøverk IKS	X		X
Energiselskapet Hardanger AS	X		X
Kinsarvik Breiband AS			X
Kommunekraft AS	X		X
Vikebygd Landskapsark AS			X
Hardangerviddatunnelene			X
Sandvenhagen	X		
Næringsbygg AS			
Vestskog Sa	X		
Hardangerjakt	X		
Cruise Norway AS	X		
Stølsdalselva Kraftverk AS	X		

## Oversikt selskap eigd/deleigd pr kommune:

### Jondal

Selskap	Organisasjonsnummer	Aksjer/andeler	Pålydande	Balanseført verdi	Eigarandel
Reisemål destinasjon Hardangerfjord AS	966 818 271	15	1 000	11 000	2,87 %
A/L Biblioteksentralen	910 568 183	1	3 000	300	
Kommunekraft AS	866 818 452	1	1 000	1 000	
Sandvenhagen	930 999 148	13	5 000	348 966	2,60 %
Næringsbygg AS					
Vestskog Sa	989 140 159			5 588	
Hardangerjakt		35	200	7 000	
E134 Haukelivegen AS	982 420 857	10	1 000	10 000	2,17 %
Cruise Norway AS	965 309 837	1	1 000	1 000	
Følgefontunnelen AS	862 223 632	20	1 000	20 000	4,00 %
Hardangervegen AS	980 629 333	250	200	25 000	13,69 %
Norsk Bane AS	984 365 772	10	1 000	10 000	
Jondalstunnelen AS	989 478 680	12	1 000	12 000	12,00 %
Hardanger Energi AS	983 502 601	3 994	10	39 940	24,20 %
Indre Hordaland Miljøverk IKS	971 155 876	5	1029	5145	5,20%
KLP forsikring - egenkapitalinnskott				3 636 756	



## Odda

Selskap	Organisasjonsnummer	Aksjer/andeler	Pålydande	Balanseført verdi	Eigarandel
Oddaenergi AS		500	10000	5 000 000	100%
A/L Naustbygg		40	50	2 000	
A/L Naustbygg (Havnekasse)		10	50	500	
Odda Boligbyggelag		50	1000	50 000	
Oddaprodukt A/S		33	10000	330 000	
P/L Røldal Grendahus		250	200	50 000	
Biblioteksentralen		9	300	2 700	
E134 Haukelivegen AS	982 420 857	10	1000	10 000	
Boktrykk-norsk Skjemaforlag		3	100	300	
Studentersamfunnets Hus		20	100	2 000	
Tide ASA		385	20	7 700	
Folgefonn tunnelen A/S		240	1000	240 000	
Reisemål Hardangerfjord AS		41	1000	41 000	
Filmparken AS		5915	1	5 915	
Hardangervegen A/S		255	200	51 000	
Jondalstunnelen AS		12	100	12 000	
Seljestad og Røldal Løypeselskap AS		250	100	25 000	
Næringshagen i Odda AS		23	5000	115 000	
Odda Coating Technology AS		4757	23,12	110 000	
Hordalandsdiagonalen AS		1030	1000	1 030 000	
Wellguard AS		12424	97	1 199 910	
Odda NæringsPark AS		66000	100	6 600 000	
Odda parkering AS		30	1000	30 000	100%
Trolltunga AS		30	1000	30 000	100%
KLP forsikring - egenkapitalinnskott				9 965 025 27 995 053	

## Ullensvang

Selskap	Organisasjonsnummer	Aksjer/andeler	Pålydande	Balanseført verdi	Eigarandel
Dag og Tid AS	911 092 417	2	25	50	
A/L Biblioteksentralen	910 568 183	4	300	1 200	
Hurdalsenteret for blinde og svaksynte	973 100 750	1	5 000	5 000	
Reisemål destinasjon Hardangerfjord AS	966 818 271	38	1 000	38 000	7,3 %
Indre Hordaland Miljøverk	971 155 876	17	1029	17 500	17,5

IKS					%
Energiselskapet Hardanger AS	983 502 601	6000	10	60 000	36,3 %
Kinsarvik Breiband AS	982 894 816	5	1 050	5 250	
Haukelivegen AS	982 420 857	10	1 000	10 000	
Norsk Bane AS	984 365 772	50	1 000	50 000	
Kommunekraft AS	866 818 452	1	1 000	1 000	
Vikebygd Landskapsark AS	994 164 686	50	1 000	50 000	
Hardangerviddatunnelene	999 178 812	5	1 000	5 000	
KLP forsikring - egenkapitalinnskott				10 558 901	

## Fond og legat

Fond og legat er i hovudsak gåvefond der føremålet som regel er bestemt i testament eller anna.

**Tabell 4**

Fond og legat	
Marie og Asbjørn Røviks legat	Odda
Jørgen og Gjertrud Digernæs Legat	Odda (kun styremedlem v/rådmann)
Helleland og Ystanes Legat	Ullensvang
Gunvor og Sigurd Rateigs legat	Ullensvang
Ullensvang skule- og ungdomslegat	Ullensvang
Ullensvang sosiallegat	Ullensvang

## Politiske interesseorganisasjonar

Jondal, Odda og Ullensvang tar del i nokre politiske interesseorganisasjonar. Nokre er ad hoc prega medan andre har eit lengre perspektiv.

Det vil vere ei politiske vurdering kva for organisasjonar ein ynskjer å vidareføre og

arbeidsgruppa for «Politisk hovudstruktur og politisk reglement» bør ta ein gjennomgang av dette og koma med tilråding.

**Tabell 5**

Politiske interesseorganisasjonar	
Stamvegutvalet	Medlemsorganisasjon
IS RV7 (Riksveg 7)	Medlemsorganisasjon
IS Fjordvegen Rute 13	Medlemsorganisasjon
Landsamanslutninga av	Medlemsorganisasjon

Vasskraftkommunar Landssamanslutninga av nynorskkommunar	Medlemsorganisasjon
Utmarkskommunenenes sammenslutning Kommunens Interesseorganisasjon for Lokalsykehus	Medlemsorganisasjon Medlemsorganisasjon

### Økonomiske konsekvensar:

- a. Driftskonsekvensar  
Utgifter i driftsbudsjett.
- b. Investeringskostnader

Ingen

- c. Finansiering  
Driftsbudsjett.

### Saka sitt forhold til lovverk, planar og avtalar:

Kommunelova

Lov om interkommunale selskap

### Samandrag/ konklusjon:

Oversynet viser eit komplekst bilete knytt til samarbeid og eigarskap. Det meste er tilrådd vidareført som det no er. Nokre tenestekjøp er tilrådd avslutta og utført i eigen regi i den nye kommunen. Nokre samarbeidasavtalar må oppdaterast med nye lovheimlar i kommunelova og forankrast på nytt med politisk vedtak. Eigarskap vil verta eige tema i samband med handsaming av eigarskapsmelding.

Prosjektlear rår Fellesnemda til å fylgja innstillinga.

Saka skal ekspederast av:  
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv



Arkiv:  
Arkivsak ID: 19/489 - 1  
Journalpost ID: 19/6436  
Saksh.: Ragnvald Joakimsen  
Dato: 26.04.2019

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	03.05.2019	012/19

## Økonomireglement for Ullensvang kommune

Dokumentnr	Tittel
386569	Økonomireglement Ullensvang kommune_030519

### Prosjektleder sitt forslag til

#### vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek framlegg til økonomireglement for Ullensvang kommune slik det ligg føre.
2. Fellesnemnda ber prosjektleder om å ajourføra økonomireglementet og leggja det fram for kommunestyret i Ullensvang kommune for godkjenning i 2020.

Prosjektleder Ole-Jørgen Jondahl,

### Saksbehandlar:

Anne Erdal

### Saka gjeld:

Utgangspunktet for økonomiarbeidet i kommunane er Kommuneloven med tilhøyrande forskrifter. Stortinget vedtok 22. juni 2018 ny kommunelov. Eit sentralt moment her har vore å tydeleggjera kommunen sitt ansvar for å ta hand om eigen økonomi og handlingsrom på lang sikt. I lova er det mellom anna vedteke å lovfesta krav om at alle kommunar skal ha eit økonomireglement. Endringane i kommunelova skal setjast i verk frå den tida som regjeringa avgjer. Departementet legg opp til at delar av lova vil byrja å gjelda frå 1. juli 2019, mens andre delar av lova, til dømes økonomibestemmingane vil byrja å gjelda først frå 1. januar 2020.

Budsjett- og rekneskapsforskrift til den nye kommuneloven er for tida på høyring. Det kan difor vera endringar i forhold til noverande forskrifter som gjer det naudsynt å ajourføra og revidera

økonomireglementet i 2020.

Det er kommunestyret sjølv som skal vedta reglementet. Reglementet skal takast opp til politisk handsaming minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

Den koordinerte gruppa «Økonomisk politikk og økonomireglement» har utarbeida eit framlegg økonomireglement for Ullensvang kommune. Gruppa består av følgjande medlemmer:

Anne Erdal, adm Ullensvang (leiar)

Inger Marie Himle, politiskar Ullensvang

John Opdal, politiskar Odda

Lars Arne Eide, politiskar Jondal

Kjellrun Tveisme, tillitsvald Ullensvang

Terje Mikkelsen, tillitsvald Odda

Siv Digrebrekke, tillitsvald Jondal

Anne Tove S. Teigenes, adm Odda

Svein Viktor Ellingbø, adm Jondal

Gruppa har gjennom fleire møte diskutert økonomireglementet og landa på vedlagte framlegg. Meininga er at reglementet skal vera eit godt reiskap for økonomiforvaltninga i Ullensvang kommune.

**Samandrag/ konklusjon:**

Prosjektleiar tilrår at økonomireglementet vert vedteke slik det ligg føre.

Saka skal ekspederast av:

Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar

Alle relevante partar

Arkiv